

# FISKERIDIREKTØREN

Bergen, 8.6.82  
LWP/TSL

## MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J. 53/82

*Ark. nr. 432.33*

### FORSKRIFTER OM REGULERING AV FISKET MED GARN ETTER SILD I TRONDHEIMSFJORDEN I 1982.

Med heimel i § 37 i lov av 25. juni 1937 om sild- og brisling-fiskeriene, jfr. kgl. res. av 17. februar 1964 og § 10 i lov av 16. juni 1972 om regulering av deltagelsen i fisket, jfr. kgl. res. av 8. september 1972 har Fiskeridepartementet 3. juni 1982 fastsett følgjande forskrifter:

#### § 1

I eit område i Trondheimsfjorden avgrensa i vest av ei linje mellom Frøsetskjær lykt og Røberg lykt kan ein fiske 4.000 hl sild med garn til menneskemat.

Fiskeridirektøren kan fastsetje opnings- og slutt dato for fisket, samt stanse det når kvantumet som er nemnt i første ledd er pårekna oppfiska.

#### § 2

Ingen kan delta i fisket utan å vere melde på til Feitsild-fiskernes Salgslag, Trondheim.

Søkjarane må stå på blad A eller B i fiskarmannatalet og nytte fiskerimerka farty.

#### § 3

Fiskeridirektøren kan gi forskrifter til utfylling, gjennomføring og kontroll av desse forskriftene.

Etter søknad fra Feitsildfiskernes Salgslag kan Fiskeridirektøren gi løyve til oppmaling for heile eller delar av fangstar dersom silda av kvalitetsmessige grunnar ikkje kan nyttast til menneskemat.

#### § 4

Forsettlege eller aktlause brot på desse forskriftene vert straffa med bøter.

#### § 5

Desse føresegnene tar til å gjelde straks.

-----